



Notat

Dato: 01.11.2019
Arkivsak: 2014/1180-109
Saksbehandlar: hanengu

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet - Handlingsprogram 2017-2021 - Status og framdrift

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet vart vedteken i fylkestinget i Hordaland i juni 2019. Som ein del av planen vart det vedteken eit handlingsprogram for perioden 2017-2021 som inneheld følgjande tiltak:

Tiltak 1	Målordikatorar
Innhald	Det skal utviklast målordikatorar for å vurdere om måla i Regional areal- og transportplan vert nådd. Dette skal bli sett i samanheng med indikatorar utvikla i samband med byvekstavtalen.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune
Samarbeidspartnar	Kommunane, Fylkesmannen i Hordaland
Ressursar / Finansiering	Hordaland fylkeskommune
Oppstart / Framdrift	Oppstart 2017

Tiltak 2	Byvekstavtale
Innhald	Det skal blir inngått byvekstavtale der staten, fylkeskommunen og kommunane er partar. Avtalen skal innehalde mål og verkemiddel for auka kollektivandel, sykling og gange, tiltak for redusert bilbruk og overordna arealføringar som bygger opp under miljøvenleg transport.
Ansvar	Samferdselsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune
Samarbeidspartnar	Fylkesmannen i Hordaland, Bergen kommune, Lindås kommune, Askøy kommune, Fjell kommune og Os kommune.
Ressursar / Finansiering	Staten, Hordaland fylkeskommune
Oppstart / Framdrift	2017

Tiltak 3		Grunnlag for parkeringspolitikk
Innhald	Utforming av fagleg grunnlag for differensierte parkeringsnormer i bergensområdet. Grunnlag for utarbeiding av kommunale føresegner for parkering.	
Ansvar	Hordaland fylkeskommune	
Samarbeidspartnar	Statens Vegvesen, Fylkesmannen i Hordaland, kommunane	
Ressursar / Finansiering	Hordaland fylkeskommune, byvekstavtale	
Oppstart / Framdrift	Oppstart 2019	

Tiltak 4		Massehandtering
Innhald	Mogeleghetsstudie på massehandtering i bergensområdet.	
Ansvar	Hordaland fylkeskommune	
Samarbeidspartnar	Statens Vegvesen, Fylkesmannen i Hordaland, kommunane	
Ressursar / Finansiering		
Oppstart / Framdrift	Oppstart 2018	

Tiltak 5		Fortetting med kvalitet
Innhald	Mogeleghetsstudie – Eksempelsamling for urbane bumiljø. Korleis skape god kvalitet i tette bustadområder. Klimatilpassing skal vere tema i arbeidet med fokus på handtering av overvatn.	
Ansvar	Hordaland fylkeskommune	
Samarbeidspartnar	Kommunane	
Ressursar / Finansiering	Hordaland fylkeskommune	
Oppstart / Framdrift	Oppstart 2018	

Tiltak 6		Regionalt bustadbyggeprogram
Innhald	Utarbeide eit felles og retningsgivande bustadbyggeprogram for bergensområdet som grunnlag for kommuneplanane. Programmet skal ha ei fire års horisont.	
Ansvar	Hordaland fylkeskommune	
Samarbeidspartnar	Kommunane, Fylkesmannen i Hordaland, Husbanken	
Ressursar / Finansiering	Hordaland fylkeskommune	
Oppstart / Framdrift	Oppstart 2018	

Dette notatet gjer kort greie for status i gjennomføringa av tiltaka i handlingsprogrammet.

Tilskotsordning for byutviklings- og byvekstavtalar

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sidan 2017 årleg lyst ut tilskotsmidlar til arbeidet med arealtiltak i byutviklings- og byvekstavtalar. Ordninga gjeld for dei 9 største byområda i Noreg. I retningslinene til ordninga er det gitt at det kan bli søkt om midlar til prosjekt som bidreg til å utvikle arealtiltak i byvekstavtalane, eller tiltak i gjeldande avtaler. I tillegg kan det bli søkt om støtte til gjennomføring av tiltak i prioriterte vekstområder i tråd med regionale areal- og transportplanar. I 2019 lyste departementet ut inntil 26,5 millionar kroner. Hordaland fylkeskommune har søkt og fått midlar kvart år sidan 2017. Dette er gjort greie for under omtalen av kvart einskild prosjekt.

Samarbeid og dialog

Dei fleste tiltaka er utarbeidd i samarbeid og dialog med kommunane. I februar 2019 vart det arrangert eit informasjonsmøte om status og gjennomføring av handlingsprogrammet til den regionale planen. Møtet vart leia av fylkesvaraordførar Pål Kårbø, og hadde både politisk og administrativ deltaking frå Bergen, Askøy, Fjell, Lindås og Os kommunar, i tillegg til Husbanken.

Tiltak nr. 1 Målindikatorar

Status: Tiltaket er under oppstart.

Tiltaket har foreløpig ikkje blitt starta opp. Målindikatorane er tenkt brukt inn mot regional planstrategi kvart fjerde år for å kunne rapportere om utviklinga i Bergensområdet skjer i tråd med regional plan. Etter fylkesrådmannen si vurdering har ikkje planen vore gjeldande lenge nok til å vere aktuell for vurdering i planstrategiarbeidet for 2019-2023. Arbeidet har difor blitt skyvd noko i tid.

I 2019 søkte fylkeskommunen og fekk tilsegn om støtte på 300.000 kr til å gjennomføre prosjektet. Arbeidet vil starte opp ved årsskiftet 2019-2020. Kommunane vil bli involvert i prosjektet.

Tiltak nr. 2 Byvekstavtale

Status: I prosess.

Byvekstavtaler er statens verktøy for å sikre at nullvekstmålet i dei største byane vert innfridd. Gjennom avtalene skal arealbruk og transportutvikling bli sett i nær samanheng. Gjennom byvekstavtalane inngår stat, fylkeskommune og kommunar forpliktande samarbeid om å finansiere eit meir miljøvenleg transporttilbod i storbyområda. Arealbruken skal bygge opp under investeringar i kollektivtransport, sykling og gange. Tanken er at avtalene skal bli reforhandla ein gang kvar NTP-periode.

I 2017 vart det inngått ein byvekstavtale mellom staten, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune med avtaleperioden på 7 år frå 2017-2023. Denne avtalen er forhandla innafor rammene av Nasjonal transportplan 2014-2023. Avtalen inneber eit statleg bidrag på totalt 6 100 millionar kr (2017-kroner) fordelt på følgjande postar:

- | | |
|----------------------------|------------|
| ✓ 50 % av Bybanen BT 4 | 3 200 mill |
| ✓ Programområdemidlar stat | 1 500 mill |
| ✓ Belønningsmidlar | 1 400 mill |

I tillegg inneber avtalen eit fylkeskommunalt bidrag på 255 mill. kr i året, totalt 1785 mill. kr.

Bompengar utgjer 800 mill. kr i året, totalt 5 600 mill. kr i avtaleperioden.

Kjernen i avtalen er å finansiere bybanens byggetrinn IV til Fyllingsdalen, men her er også betydelege midlar til programområdetiltak for kollektiv, sykkel og gange langs riksveg. I tillegg sikrar avtalen 200 millionar årleg i belønningsmidlar for kollektivtrafikken.

Reforhandling og utviding av byvekstavtalen

I nasjonal transportplan 2018-2029 er det satt av 66,4 mrd. kr til byvekstavtalar i dei ni største byområda. Dette omfattar midlar til større fylkeskommunale kollektivprosjekt (50/50 ordninga), programområdemiddel til kollektiv-, sykkel- og gangtiltak, og belønningmiddel. I brev av 17. april 2018 inviterte samferdselsdepartementet dei fire regionsenterkommunane i Bergensområdet, Askøy, Fjell, Lindås og Os inn i forhandlingane saman med Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune.

Bybanens byggetrinn 5 til Åsane har ikkje vore ein del av desse forhandlingane, så i praksis er det programområdemidlar og belønningmiddel ein har forhandla om.

Nasjonal transportplan 2018-2029 definerer ein modell for organisering av byvekstavtalene både i forhandlings- og oppfølgingsfasen. Dette inneber ei politisk styringsgruppe og ei administrativ forhandlingsgruppe. Det politiske styringsgruppa vert leiia av statssekretær ved Samferdselsdepartementet med deltaking frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, fylkesordførar, byråd for byutvikling og ordførarar. Denne gruppa skal bli involvert ved særlege behov.

Den administrative forhandlingsgruppa vert leiia av vegdirektøren med deltaking frå jernbanedirektøren, fylkesmannen. NTP slår også fast at fylkeskommunen og kommunane skal vere representert ved administrativ leiing. Etter ønskje frå lokale partar har fylkesordførar, byråd og ordførarar vore ein del av det administrative forhandlingsutvalet i Bergensområdet.

Det har vore gjennomført ei rekkje forhandlingsmøter det siste året, særleg har statleg finansiering, arealpolitikk og praktisering av nullvekstmålet vore krevjande forhandlingspunkt.

Den 24.5.2019 vart det gjennomført eit møte i det administrative forhandlingsutvalet med sikte på å godkjenne den framforhandla byvekstavtalen. I møtet vart det klart at det var ulike forventningar til vidare prosess blant partane. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune ønska å legge fram avtalen til handsaming i fylkesting og bystyre i løpet av sommaren, mens andre partar hadde ønske om at det var dei nye kommunestyra etter valet som skulle ta stilling til endeleg avtale.

På bakgrunn av usemje om vidare prosess vart den politiske styringsgruppa samla til møte 29.5.2019. Her la politisk leiing i departementa fram ei liste i ni punkt som rammer for vidare prosess:

1. Regjeringen ønsker å ha med flest mulig av partene og helst alle med i en ny byvekstavtale for Bergensområdet. Alle kommunene som deltar i forhandlingene, er invitert med av en grunn. Deltakelse for de nye kommunene er frivillig.
2. Lindås kommune har uttrykt ønske om lokalpolitisk behandling av avtaleutkastet etter lokalvalget. Dette har bl.a. bakgrunn i kommunesammenslåingene. Vi ønsker derfor ikke å tvinge gjennom en avtale før valget.
3. Basert på dette lukker ikke regjeringen forhandlingene nå.
4. Regjeringen legger til grunn at det foreligger et forhandlingsresultat som er lokalpolitisk behandlet innen utgangen av 2019.
5. Med en slik framdrift skal ingen tape økonomisk iht. fremforhandlet avtale.
6. Hvis denne fremdriften ikke holdes og avtaleinngåelse trekker betydelig ut i tid, kan vi ikke utelukke at staten må vurdere betydningen dette har for statens tilbud. Dette må vurderes nærmere hvis det blir en reell problemstilling.
7. Staten står ved tilbudet sitt slik det ligger nå.
8. Avtaleutkastet som blir gjenstand for lokalpolitisk behandling av partene må være omforent.
9. Hvis en eller flere av partene velger å trekke seg, må de økonomiske rammene for avtalen vurderes på nytt. Vi vil legge til grunn at gjenværende parter ikke skal tape økonomisk på at noen går ut. Det er selvsagt ikke slik at parter som trekker seg ut får beholde pengene de var tiltenkt gjennom avtalen.

I praksis inneber dette at sluttforhandlingane av avtalen vil skje etter lokalvalet 9. september og at det er det nye fylkestinget og dei nye kommunestyra som må slutte seg endeleg til avtalen.

Siste forhandlingsmøte fann stad 6. juni 2019. Ein vart i dette møtet omforeint om innhaldet i ny byvekstavtale for perioden 2019- 2029. I dette avtaleutkastet ligg det eit tilbod om statlege midlar fordelt på partane i tråd med tabellen under, gitt som årleg snitt i mill. 2019-kr.

	Post 30-midlar ¹	Belønningsmidlar	Totalt
Skyss	-	271 ²	271
Bergen kommune	300,7	2,77	303,5
Alver kommune	31,1	0,29	31,4
Bjørnafjorden kommune	26,4	0,24	26,6
Øygarden kommune	40,8	0,38	41,1
Askøy kommune	-	29,32	29,3
Totalt	399	304	703

¹ Årleg bidrag frå staten over post 30 er avhengig av framdrift i prosjekta og finansieringsbehov i porteføljen

² Skyss får tildelt 271 mill. årleg i belønningsmidlar til drift av kollektivtransport. Av desse er 25 mill. årleg øyremerka låg- og nullutsleppsteknologi.

Det vil i løpet av november 2019 bli gjennomført to forhandlingsmøter 4. og 15. november. Planen er å lande ei endeleg avtale i løpet av desse møta for å legge saka fram for politisk handsaming i fylkesting, by- og kommunestyra i løpet av desember 2019.

Tiltak nr. 3 Fagleg grunnlag for parkeringspolitikk

Status: Tiltaket er gjennomført.

Tiltaket vart starta og gjennomført i samråd med administrasjonen i regionsenterkommunane.

Hordaland fylkeskommune sendte ein felles søknad på vegne av seg sjølv og kommunane Askøy, Fjell, Lindås, Os og Bergen om midlar frå kommunal- og modnrneringsdepartementet si støtteordning for arealtiltak i byvekstavtalene. I tilsegnsbrevet datert 18. september 2017 vart det gitt 400.000,- til gjennomføring av tiltaket med vilkår om at prosjektet bør omfatte ein kartlegging av parkeringssituasjonen i regionsenterkommunane.

Arbeidet som er gjennomført omfattar sentera Åsane, Arna, Lagunen, Osøyro, Straume, Kleppestø og Knarvik. Asplan Viak har vore innleid konsulent i arbeidet og prosjektet har fått utarbeidd to delrapportar:

1. Delrapport 1 «Felles fagleg grunnlag for parkeringspolitikk i Bergensområdet»
2. Delrapport 2 med tilrådingar for kvart senter.

Rapportane gir ein gjennomgang av parkeringspolitiske verkemiddel i plan- og bygningslova og ei kartlegging av parkeringssituasjonen i senterområda. I tillegg er det gitt generelle anbefalingar om plan og forvaltning, bygging og drift. I tillegg er det gitt konkrete anbefalingar for kvart senter. I tillegg til rapportane er deler av kartleggingsdataa også presentert i ein eigen nettløysing som finnast [her](#). Rapportane er å finne på Hordaland fylkeskommune sine nettsider om Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.

Rapportane har ingen juridisk eller formell status, men er tenkt å vere faglege grunnlag til hjelp i utarbeidinga av kommuneplanar i Bergensområdet.

Tiltak 4 Mogelegheitsstudie for massehandtering

Status: Tiltaket er i prosess.

Som case for mogelegheitsstudien har ein valt samferdselsprosjektet E16 og Vossabana Arna-Stanghelle der Statens vegvesen og BaneNOR er byggherrar. Det er rekna ut at tunneldrivinga vil gje om lag 11 millionar kubikkmeter med anbrakte overskotsmasse. Til samanlikning er deponiet på Stend/Hordnes i underkant av to millionar kubikkmeter. Utgreiingar viser at sjødeponi i Veafjorden er ei mogelegheit om byggherrane ikkje finn samfunnsnyttige føremål for overskotsmassane.

Mogelegheitsstudien er i to deler og skal (1) samanstille bruk av ulike transportformer til frakt av massar som vert produsert som følge av tunneldriving i fellesprosjektet Arna-Stanghelle. Samanstillinga skal ta omsyn til klimagassutslepp, kostnad og konsekvens i form av trafikkmengd og slitasje på veglegeme. Som eit minimum skal transport med lastebil og båt og lekter greiast ut for. I tillegg skal prosjektet (2) greie ut for eit potensialet for samfunnsnyttig utnytting av massane frå fellesprosjektet som eit alternativ til deponi i Veafjorden. Denne delen av utgreiinga skal kartlegge behovet for slike massar i både den nasjonale og den europeiske marknaden for byggeråstoff av stein og om overskotsmassane kan gå inn i verdikjeda knytt til stein som byggeråstoff.

Prosjektgruppa i Statens vegvesen er orientert om utgreiingsprosjektet og meiner det er eit positivt bidrag til kunnskapsgrunnlaget til deira strategi for massehandtering i prosjektet. Fylkeskommunen vil halde ei open dialog med prosjektgruppa under gjennomføringa av utgreiingsprosjektet. Det er venta oppstart av utgreiingsprosjektet på nyåret 2020 og sluttrapportering sommaren 2020.

Budsjettrammene i prosjektet er kr 250 000,-, der 50 prosent vert finansiert gjennom tilskot frå Miljødirektoratet sine Klimasatmidlar.

Tiltak 5 Fortetting med kvalitet

Status: Ikkje starta.

Tiltaket har grunna utfordringar med kapasitet ikkje blitt starta opp.

Fylkesrådmannen merker seg at Kommunal- og moderniseringsdepartementet har lansert ein idéhandbok for utvikling av gode byrom i byar og tettstader, og at Akershus fylkeskommune i samband med deira Regionale areal- og transportplan for Oslo-Akershus har utarbeidd ein eksempelsamling for gode bumiljø. Begge desse rapportane har overføringsverdi til Bergensområdet og kan dekke deler av behovet tiltak nr. 5 er basert på.

Tiltak 6 Regionalt bustadbyggeprogram

Status: Tiltaket er i prosess.

Tiltaket starta opp i 2018 og blir gjennomført i to fasar. Det vart i 2018/19 gjennomført eit forprosjekt i samråd med administrasjonen i Bergen, Askøy, Fjell, Lindås og Os kommunar. Ein har i 2019 starta opp hovudprosjektet.

Fase 1 - Forprosjekt

Arbeidet har vore gjennomført med ei koordineringsgruppe samansett av Bergen kommune, regionsenterkommunane, Husbanken og Hordaland fylkeskommune. I samråd med gruppa søkte fylkeskommunen om tilskot frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2017, og fekk tilsegn på inntil kr 600.000 til forprosjektet.

Innhaldet i forprosjektet har vore knytt til:

- Ei kartlegging av arbeid med bustadplanlegging og bustadpolitikk i kommunane
- Ein case-studie av vekstsona Kleppestø som grunnlag for utvikling av metodar til å kartlegge fortettingspotensialet i kommunane sine vekstsoner
- Å avgrense innhald og tema for bustadprogrammet

Rambøll vart leid inn til å kartlegge gjeldande bustadplanlegging og bustadpolitikk i kommunane, og basert på dette tilrå tema for vidare arbeid med bustadbyggeprogrammet. I rapporten vart det peika på følgjande hovudutfordringar:

- Utbyggingsmønster og fortetting
 - > Overgangen frå spreidd bustadbygging til eit meir konsentrert utbyggingsmønster
 - > Teknisk og sosial infrastruktur
 - > Ønske om sterkare kopling mellom bustadpolitikken og økonomiplanarbeidet
- Kvalitet i fortettingsområda
 - > Vanskar med å nå ønska kvalitetar i sentrums- og fortettingsområda, både med omsyn til mangfald, kvaliteten i bustadene og i bustadområda
- Eigarskap til planar
 - > Vanskeleg å sikre eigarskap til planar og kontinuitet i arbeidet gjennom valperiodar, og samordning mellom fagavdelingar lokalt
- Kommunen si rolle som grunneigar
 - > Kommunane bruker i liten grad grunneigarrolla strategisk, gjennom kjøp av tomter for å sikre areal til bustader og ønska utvikling i utvalde område
- Bustadfeltet er komplekst
 - > Mange omsyn og aktørar skal helst samordnast. Kompleksiteten og samordningsbehovet aukar med graden av fortetting

Fase 2 - Hovudprosjekt

I hovudprosjektet er koordineringsgruppa frå forprosjektet vidareført. I 2018 innvilga Kommunal- og moderniseringsdepartementet 1.150.000 kr til utarbeiding av eit regionalt bustadbyggeprogram. Arbeidet vil gå ut 2020.

Basert på forprosjektet er det foreløpig definert følgjande tema for arbeidet.

- Lokalisering og utbyggingsmønster
 - Felles vurderingskriterier for lokalisering
 - Metode for å vurdere bustadområder sine bidrag til nullvekstmålet
 - Kompetansebygging knytt til bruk av utbyggingsavtaler
- Bustadkvalitetar
 - sikre gode kvalitetar i bustadane, t.d. nok plass, gode lystilhøve, universelt utforma løysingar; og nok grøntareal og gode møteplassar i bustadområda
 - sikre både bukvalitetar og klimatilpassing gjennom å ta i vare blågrøn faktor og sosial overflatefaktor
- Definere bustadbehov
 - Samarbeid om framskriving, prognosar og scenario.
 - Vurdere å ta i bruk modellverktøyet KOMPAS for å etablere prognosar på grunnkrinsnivå.
 - Gjennomføre undersøking av bustadpreferansar
- Bustad for alle
 - Bustadpolitikk og bustadpolitiske virkemiddel synest som fragmentert, og det er behov for vesentleg betre samordning på tvers av sektorane, og ein meir tydeleg regional politikk.

Gjennom arbeidet har kommunane signalisert behov for å forankre arbeidet politisk. I løpet av første del av 2020 vil det difor bli invitert til å delta i ei politisk referansegruppe for prosjektet.

Andre aktuelle prosjekt

Hordaland fylkeskommune har i tillegg til tiltaka som er gjennomgått over, søkt om midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til gjennomføring av andre tiltak som er relevante for Regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Nokre av dei er tiltak forankra i andre regionale planar.

Kartlegging av infrastruktur for sykkel i regionsenter i Bergensområdet

I 2017 fekk Hordaland fylkeskommune 400.000 kr. frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til å gjennomføre ei kartlegging av status og behov for sykkelinfrastruktur i regionale vekstsoner knytt til regionsentra Straume, Osøyro, Knarvik og Kleppstø. Kartlegginga vart gjennomført av Multiconsult i samråd med ei administrativ arbeidsgruppe med medlemmer frå Hordaland fylkeskommune, Statens Vegvesen og kommunane.

Prosjektet vart ferdigstilt i 2018 og rapporten er å finne på Hordaland fylkeskommune sine nettsider om Regional areal- og transportplan. Rapporten har vore sentral i å synleggjere behov for midlar til sykkelinfrastruktur i byvekstforhandlingane. Det er og laga ei eigen kartløyning på nett som ein finn [her](#).

Tilskot til utvikling av kommunale sykkelstrategiar i Bergensområdet

I Regional areal- og transportplan er det tilrådd at kommunane bør utarbeide strategiar for å auke sykling i regionale vekstsoner. Som oppfølging av dette og kartleggingsrapporten, søkte Hordaland fylkeskommune om midlar til arbeid med kommunale sykkelstrategiar på vegne av kommunane. Kommunal- og moderniseringsdepartementet innvilga 1.200.000 kr. Kommunane Lindås, Askøy, Fjell og Os kunne då i 2019 søke om støtte frå desse midlane. I 2019 er det gitt ut følgjande støtte:

- ✓ Fjell kommune er løyvd inntil 232.437 kr til å sette opp sykkelteljarar
- ✓ Askøy kommune er løyvd inntil 400.000 kr til arbeid med sykkelstrategi
- ✓ Os kommune er løyvd inntil 425.000 kr til arbeid med sykkelstrategi

Kommunal og moderniseringsdepartementet har opna for at resterande midlar kan bli nytta i 2020.

Handel og byliv i Bergensområdet

I 2018 fekk Hordaland fylkeskommune tilsegn frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet på 500.000 kr. til å gjennomføre prosjektet «Handel og byliv i Bergensområdet» som er ei oppfølging av Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Arbeidet har som mål å:

- ✓ Auka kunnskap om korleis regional og kommunal planlegging kan nyttast til å leggje til rette for handelsetableringar
- ✓ Kunnskap om handelsnæringa sine behov ved sentrumsetablering
- ✓ Samarbeid mellom kommunal- og fylkeskommunal planleggingsmynde og næringslivet
- ✓ Fleire handelsetableringar i sentera og auka marknadsdelar, som legg til rette for fleire handlereiser utan privatbil

Prosjektet skal søke å identifisere utfordringar og moglegheiter for handel og attraktive senter i Bergensområdet, og utarbeide ein tiltaksbank for korleis ein gjennom planlegging kan bidra til handel og byliv i sentera. Kunnskapen vil vere overførbar til resten av fylket og landet.

Prosjektet er i prosess.

Differensiert standard for gang- og sykkelinfrastruktur

Med bakgrunn i tiltak 5.7 i Regional transportplan for Hordaland vil ein etablere eit forprosjekt der hensikta er å vurdere kva som skal til for å kunne etablere mindre kostnadskrevjande løysingar på gang- og sykkelveg. Dette skal gjerast utan at det skal gå utover trafikktryggleiken. I 2019 søkte Hordaland fylkeskommune om støtte frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og fekk løyvd 500.000 kr til prosjektet.

Prosjektet er under oppstart.

Nyttevurdering av framkomsttiltak for kollektivtransport

Som ansvarleg for kollektivtransporten har Hordaland fylkeskommune (HFK) eit behov for å gjere vurderingar av nytta av tiltak som fremjar framkomsten til kollektivtransporten. Dette prosjektet går ut på å vurdere nytta av nokre viktige framkomstprosjekt som har vorte realisert dei siste to åra. Prosjektet vil kunne auke kunnskapen vår om effekten av ulike tiltak, noko som er relevant inn mot porteføljestyingsprosessane i Miljøløftet/byvekstavtalen. Prosjektet skal samanlikne metodar for utrekning av generaliserte reisekostnadar for å styrke kollektivtilbodet. I 2019 løyvde Kommunal- og moderniseringsdepartementet 400.000 kr til prosjektet.

Prosjektet er under oppstart.